

- Bør planleggja Skoggen betre

Trass alle hyttemillionane meiner fem landskapsarkitektar at dei mest verdfulle områda på Kvamskogen er dei urørde.

SIGBJØRN LINGA

Landskapsanalysen til dei fem studentane ved Universitetet for miljø og biovitenskap på Ås (UMB) er ikkje godt nytt for arkitektar, utbyggjarar, alpinanleggseigarar, tomteseljarar og andre som syg store inntekter ut or Kvamskogen.

For medan desse skrik etter nye hyttefelt i kommunedelplanen, meiner studentane at det berre finst nokre få, mindre område som kan forsvarast som nye hytteområde.

– Ein bør laga ein overordna og heilskapeleg plan før bygginga startar. Dette er den einaste måten å ta vare på ta vare på Kvamskogens karakter og verdiane i området på, skriv dei i oppgåva.

Dei feller ein nokså nådelaus dom over den planlause utbygginga av ei av gullgruvene til kvemmingane. Men oppgåva tek berre for seg områda frå Røyrlid og austover til Tokagjelet.

– Ta vare på det urørte

Dei skriv at fritidsbustadene allereie har stole ein del av Kvamskogens verdi, og at dei attverande fjellområda difor bør takast godt vare på. Dei er både turmål og vakre kulissar for hytteområda. Men òg dei opne flatene mellom

hyttene og foten av fjella er viktige å ta vare på, skriv Kristin Andersen, Tuva Evju, Audun B. Fjeldheim, Aud Jorunn Karlsen Hovda og Bjørg Bydal Thorssen.

– Eit slikt vern vil sikra den frie ferdsla og opphalda den visuelle opplevinga av landskapet, heiter det.

Fire små felt

I ei vurdering av alle områda på Kvamskogen finn dei berre fire små område som er eigna til hytter. Dei er i houvdsak knytte til eldre felt.

Det gjeld eit platå ved Røyrlitjørn som truleg må klara seg utan veg, ei fjellside i Nipen, eit platå ved Mødalselva og ei helling vest for Furedalen. To av områda bør vera svært små, to av dei bør ha spreidde hytter, og minst eitt bør klara seg utan bilveg. Dessutan bør silhuettverknaden vera styrande for bygginga.

Elles tilrår studentane fortetting av ein del eksisterande felt for å hindra inngrep i nye område. Fortetting er mogeleg med god tilpassing, men det bør setjast grenser for kor stor uteplass hytteeigarane kan få, og turløypene må overleva, meiner dei. Vidare tilrår dei at det vert laga og merka turstiar i og rundt hyttefelt.

– Det er lett å få inntrykk av at stiane som er der, berre fører til hytter og difor kjennest private, konstaterer dei.

Arkitektspirene meiner hyttebygginga er eit problem som fylgje av framgangsmåten. – Terrenget påføres store, irreversible inngrep. Dersom hyttene

hadde vorte tilpassa terrenget i steden for det omvendte, vil ein kunna ta vare på større deler av terreng og vegetasjon. Då oppnår ein mindre privatisering, heiter det i tilrådinga.

– Bør tilpassast

Studentane meiner Bjørngjel, Kvinnhovden, Longvotni og Steinskvann-dalen er spesielt viktige landskapselement, medan NAF Kro & Camping, Kvamskogen Inn og alpinksenteret i Furedalen er viktige knutepunkt

Longvotni har stort potensial for rekreasjon, men bør tilretteleggjast betre, meiner dei. Dei tilrår ein stor grøntkorridor frå Steinskvann-dalen i nord til Mødalen og Gåsabotnen i sør.

Studentane meiner at området ved Kvamskogen Inn bør oppgraderast og kan fungera betre som ein inngangsport til turområda i nord. Spikertelta bør skjermast betre, skriv dei.

Og alpinanlegget Kvamskogen Næringslag brenn for i Byrkjefjell?

– Anlegget og landsbyen rundt vil endra landskapsverdien området har. Dessutan vil anlegget vera synleg frå det meste av oppgåveområdet. All utbygging i området bør skje etter ei nøye vurdering av visuelle konsekvensar og områdetets verdi som bindeledd mellom landskapsrom, skriv dei.

Råd for betring

Dei fem landskapsarkitektstudentane har fylgjande tips til kvemmingane om korleis Kvamskogen kan verta eit betre område:

- Slutt å tru at de kan gjera som de vil.
- Ikkje bygg for høgt i fjellsida, og ikkje øydelegg silhuetten.
- Knyt hyttene til aktivitetsområda for å redusera interntrafikken.
- Lag eit godt turstisystem som vert skilta og kartfesta.
- Syt for betre parkeringsplassar der stiane byrjar, slik at folk slepp å parkera langs riksvegen.
- Gjerde bør verta forbode, med unntak for dei som har dyr på beite.
- Plant ny vegetasjon i camping- og hytteområde.
- Tilpass nye hytter til dei gamle, og lag føringar for estetikk.
- Set ei grense for utbygt areal (BYA) på tomtene. For alle felta bør ikkje utbygt areal overstiga tre prosent.
- Vegar bør ikkje har skjeringar og fyllingar høgare enn 1,5 meter.
- Vurder om felles parkeringsplassar er betre enn veg til kvar hytte.
- Definer dei gamle parkeringareala betre.